

VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I HÅ (forskrift)

"Jfr. lov av 7 juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) § 21."

Gjeldande frå 01.01.2019

§ 1. FORVALTNING

- 1.1 Gravplassane i Hå kommune er underlagt administrasjons- og myndighets-område til Hå kyrkjelege fellesråd (heretter kalla gravplassforvaltninga).
- 1.2 Forvaltninga skal skje i samsvar med lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdslova) og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravferdsføreskrifta).
- 1.3 Vedtektene gjeld alle gravplassar som gravplassmyndigheten i Hå driftar.

§ 2. DEFINISJONAR

- frigrav: tildelt grav som ansvarleg festar råder over utan avgift i fredningstida.
- festegrav: grav der det er gjort avtale om bruk mot betaling av avgift.
- grav dobbel djupne: frigrav/festegrav med gravlegging i to nivå;
 1. Kiste 1,5 meter overdekning med jord.
 2. Kiste 0,8 meter overdekning med jord.
- gravstad: kistegraver som er avtalt å festa saman.
- urnegrav: grav berre for urner med plass for inntil 4 urner.
- kistegrav: grav for kiste: det kan også setjast ned urne i kistegrav.
- fredningstid: tidsrom frå siste gravlegging til grava kan brukas på nytt.
- festetid: den tid det vert gjort avtale om bruk av ei grav mot betaling av festeavgift.
- ansvarleg: den som står som ansvarleg for ei fri grav.
- festar: den som står som ansvarleg i ein festeavtale.
- anonym minnelund: avsett område på gravplassen for anonym gravlegging.
- anonym grav: grava si plassering er berre kjent for gravplassforvaltninga.
- namna minnelund: gravfelt der det skal plasserast minnesmerke med namn og data på den gravlagde.
- forhåndsbetalt gravstell: forhåndsbetalt beløp til stell av grav.

§ 3. GRAVPLASSTILHØYRING.

Avlidne personar i kommunen kan gravleggjast på den gravplassen i kommunen som ein måtte ynskja dersom dei ikkje vert gravlagde i ein annan kommune.

Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i eit anna sokn eller i ei anna kommune mot slutten av livet.

Rett til grav på Varhaug gamle kyrkjegard har dei som bur i området kring gravplassen. Dette gjeld dei som bur eller har budd størsteparten av livet på dei næraste gardane (g.nr. 42, b.nr 13, 21, 22, 23 og 27).

§4. FREDINGSTID OG FESTETID.

Fredingstid for oskeurner er 20 år.

Fredingstid for kistegraver er 60 år på Varhaug gravplass.

Fredningstida for kistegraver er 40 år på Nærbø og Oga gravplassar.

Fredningstida på felt c,d,e,f,g på Nærbø gravplass er 20 år.

Festetida er 5 år.

§ 5. FESTE AV GRAV.

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida av, og etter godkjenning frå gravplassforvaltninga, for ei ekstra grav i tillegg når det er bruk for det. Desse gravene utgjer då ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje feste grav ved sida av.

Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 5 år. Når det er gått 80 år etter siste gravlegging kan festet ikkje fornyast utan særskilt samtykke frå gravplassforvaltninga. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månader, fell gravstaden tilbake til gravplassen.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykkje frå festaren. Dersom festaren sitt samtykkje ikkje kan innhentast, kan gravplassforvaltninga avgjera spørsmålet om gravlegging.

Festaren pliktar å melde ifrå om endring av adresse.

Ved gravlegging i dobbel djupne, betalar ein ikkje festeavgift for den øvste grava før etter fredningstida på nedste grava på 20 år er omme. Tek i bruk det øvste nivået reknar ein ei ny frigravperiode på 20 år.

§ 6. GRAV OG GRAVMINNE.

Gravplassforvaltninga vil syta for planering og tilsåing av grava etter gravlegging. Gravminne kan ikkje setjast opp tidlegare enn 3 månader etter gravlegging av kiste. I mellomtida set gravplassen opp eit merke med namnet til den avlidne.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne i bakkant av den grava som er teken i bruk.

Gravminnet skal godkjennast av gravplassforvaltninga før det vert montert.

Festar pliktar å melda frå om endring av adresse.

På Varhaug gamle og den gamle delen av gravplassane som har ein spesiell vernestatus, skal gravsteinar som vert monterte vere i gamal stil og ikkje framheva seg. Heilpolerte steinar, lykter, vasar og porselensbilete vert ikkje godkjende.

§ 7. PLANTEFELT.

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken rundt.

Kantstein omkring plantefelt, dvs. minst tre rette steinstykke som blir lagt/sett på tre sider av plantefeltet eller liggjande plate framfor gravminnet, skal flukte med terrenget omkring.

I fallande terreng skal kantstein og plate trappast i forhold fundamentet til gravminnet. Plate og fundament skal ikkje vera same stykke.

Heil eller delt plate, med eller utan hol til planter, skal leggjast i drenerande masse og vere 4 - 8 cm tjukk. Avstand frå plantehol til ytterkant av plate skal vere minst 8 cm.

Heil eller delt plate skal ha same lengde som fundamentet til gravminnet, og bredde inntil 65 cm, målt frå bakkant av fundamentet.

Ved montering av heil eller delt plate, med eller utan hol til planter, skal eigar gjennom avtale med gravplassforvaltninga påta seg ansvar for skader påført ved vanlig drift og vedlikehald av gravplassen. Det er ikkje høve til å bruke faste dekorting, så som liggjande plater, blomsterurner, lykter m.v. utafor plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vera grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 8. PLANTETILFANG.

Planter, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal vera heilt komposterbart.

§ 9. STELL AV GRAV.

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt skal tilsåast av den ansvarlege eller av gravplassforvaltninga.

Gravplassforvaltninga kan mot betaling syta for årleg planting på grava.

§ 10. AVTALE OM STELL AV GRAV

Mot innbetaling av ein bestemt sum, vil gravplassforvaltninga overta ansvar for planting og stell av gravstaden. Det skal i kvart einskilt høve opprettast avtale om gravstell. Den innbetalte summen skal dekkja utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden i ei fastsett tid.

Gravstellavtalen kan ikkje opprettast slik at den varer lenger enn den fredingstida eller festetida som ligg føre. Dersom det oppstår slike økonomiske forhold i avtaletida at midlane ikkje rekk til, skal ein gje melding om dette til den som er ansvarleg, eller til festaren. Det er då høve til ny innbetaling slik at det rekk tida ut.

Gravplassforvaltninga fastset den årlege prisen for gravstellavtalane.

Ved avslutning av avtalen før avtalen går ut, vil beløp ein har til gode betalast attende til festaren.

§ 11. BÅREROM.

Alle gravplassar har bårerom med kjøle som vert disponert av gravplassforvaltninga. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykkje frå den som syter for gravferda og vedkjem ikkje dei tilsette.

§ 12. NÆRINGSVERKSEMD.

Næringsdrivande som ynskjer å driva verksemd på gravplassen skal ha løyve frå gravplassforvaltninga. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje retter seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne, planting og stell av graver.

De tilsette på gravplassen kan berre utføre oppdrag for private og næringsdrivande etter oppdrag frå gravplassforvaltninga. Dei kan ikkje ta imot godtgjersle for sjølv å utføre tenester.

Dei kan heller ikkje engasjera seg i sal og tenester som har med gravplassen å gjera.

§ 13. NEDSETTING AV URNE.

Det er ikkje høve til å setje ned urne utan at dette er meldt gravplassmyndigheten og utan at gravplassmyndigheten er til stades.

§ 14. NAMNA MINNELUND

14.1 graver knytt til namna minnelund fylgjer same forvaltningsordning som for vanlege urne- og kistegraver. Dette gjeld fredningstid, høve til å festa ei tilleggsgrav, fornying av feste og festeavgift. Pårørande kan ta del på vanleg måte under urne-/kistenedsettinga.

.

14.2 Det skal nyttast ei standard namneplate der avdøde sitt namn, fødsels- og dødsdato er prega inn.

Om ein festar ei tilleggsgrav, kan det også setjast av plass til ei ekstra namneplate. Namneplata vert fjerna når grava vert sletta. Namneplata vert fakturert frå gravminneleverandør

14.3 I namna minnelund er det høve til å føra på namn på ektefelle/sambuar/partnar og/eller namn på barn av avlidne på namneplata sjølv om vedkommande er gravlagt ein annan stad på gravplassen. Namna skal stå på same namneplate og namnet må fjernast frå det opprinnelege gravminnet.

14.4 Minnelunden har felles beplanting som vert stelt av gravplassforvaltninga. Det er ikkje høve å setja blomar eller andre element på sjølve grava eller framføre namneplatene. Det vert lagt til rette for å kunne setja avskorne blomar og levande lys ved felles gravminne.

§ 15. BEVARINGSPLAN.

- 15.1 Det vil verta utarbeidd ein eigen bevaringsplan for gravplassane i Hå kommune.
- 15.2 Varhaug gamle kyrkjegard er regulert som historisk, antikvarisk og kulturell med lokal verneverdi.
Det vert ikkje gjeve løyve til omarbeiding av gamle rammegraver til plenfelt.
- 15.3 På Varhaug gamle kyrkjegard skal gravsteinar som vert montert være i gamal stil og ikkje framheva seg. Heilpolerte steinar, lyfter, vasar og porselensbilete vert ikkje godkjende.

§ 16. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE.

Spørsmål vedrørande gravplassane eller forhold som ikkje er nemnt i vedtektene, avgjøres av gravplassforvaltninga, I særlege tilfeller kan gravplassforvaltninga tillate avvik frå desse vedtektene.